



Jubileumsposten

Jubileumsfest 25. oktober

September 2008

Nummer 6

Laurdag 25. oktober er datoen for den offisielle jubileumsfesta for Todalen I.L. sitt 100-årsjubileum.

Da inviterer vi til fest i det nyoppussa ungdomshuset og i skrivande stund er det færikål som står på menyen.

Det passar nok godt på eit slik jubileumsarrangement at det blir "kortreist" mat enten frå Romådalen eller frå Snøfjellet. Godt er det også!

Som seg hør og bør ved slike anledningar vil det i tillegg til lagets medlemmer bli invitert gjestar frå nabolaga og på Ålvundeid har laget ein

jamaldring i I.L. Ulvungen som også fyller hundre.

Jubileumsboka vil også få sin premiere denne kvelden. Den er på heile 128 sider og er rikt illustrert med foto frå heile tidsepoken. Det skal bli spennande å sjå resultatet. No er boka i trykken.

Vi gler oss på at dette skal bli eit triveleg bursdagslag, der vi kan treffast for å minnst mangt som har skjedd oppgjennom åra.

Vi kan røpe at Safari vil sørge for både taffelmusikk under middagen og dansemusikken etterpå.

Så her er det berre å begynn å gle seg!

Det vil bli lagt ut lister for påmelding til festa på ICA Todalen. Du kan også melde deg på til Kari Kvendset på telefon 92844842, eller til e-post: karikve@svorka.net seinast 19. oktober.

Vi håper mange tek seg tid til å kome på jubileumsfesta.



Ungdomshuset er nyoppussa, og dugnadsgjengen skal ha mykje skryt for godt utført arbeid.



Stor forandring i garderoben i kjellaren.

Lundekveld samla fullt hus

Lundekvelden som ble arrangert i Todalen ungdomshus lørdag 6. september ble en suksess, både for arrangøren og for publikum. Ungdomshuset var fylt til siste plass denne kvelden og publikum kunne kose seg gjennom et rikholdig og godt program.

På menyen var det ost og kjeks, med høvelig tilbehør. En dyktig kjøkkengjeng serverte ost og frukt på flott danderte fat og sørga for nødvendig påfyll utover kvelden. Programmet starta med en visning av videoopptak som Svein Åge Saksen hadde gjort. Den var om og med Jon Lunde ved

forskjellige anledninger og gjennom en årrekke. Blant annet fra Lundes 60-årsdag i 1991, som var den reneste kulturkvelden

Kveldens konferansier Olav Kvendset, sammen med Johan Kvendset, krydra programmet med gode historier om Jon Lunde og opplevelser de hadde sammen med han.

Videre utover kvelden var det New Jobus Swingers som førte an, med gammel-Jobus Jon Husby som var i storform. Sammen med Erik Kårvatn, Øystein Moe, Rune Moe, Hans Gundersen og forsterkninger fra øvrige Lundegruppa og med Frank Botten som innlant

lydmikser, ble dette en uforglemmelig festkveld i ungdomshuset.

De som var med fra Lundegruppa denne kvelden var: Erik Kårvatn, Øystein Moe, Jon Husby, Rune Moe, Ingvild Kårvatn, Borghild Talgø, Olav Kvendset, Johan Kvendset og Svein Åge Saksen som hadde ide og regi.



Det var ost og kjeks på menyen



Erik Kårvatn, Jon Husby og Hans Gundersen var i storform sammen med resten av Lundegruppa.



Lundegruppa med forsterkning



Det store slektsstemnet: Starta på Pakkhuset..

Slektsstemnet starta på Todalsøra, der det var vasskioppvisning og innviing av den nye puben. Det er Erling Halle og familie som står attafor Pakkhuset Pub, og det var fullt både ute og inne denne fredagskvelden.

Lisa Sæther hadde koka fleire store kjelar med bacalao til opninga, og det var nærare 200 gjester som kom på pubkveld denne fine sommarkvelden.

Denne kvelden var det nok mange gjensyn etter lang tid

på kvar sin kant av landet. Arnulf Sæter og Leif Holsæter hadde ikkje sett kvarandre sidan dei var 16 år, men dei fann tonen med ein gong, og hadde mykje å minnast.

Den fine temperaturen heldt seg lenge utover kvelden og det såg ut som folket kosa seg i kvarandre sitt selskap.

Erling satsar på at puben kan vere open om helgane i sommarsesongen, og kanskje kvar kveld i ferietida. Som eit nytt sosialt treffpunkt i bygda.



....og fortsette bygda rundt og på Bordholmen



Laurdag vart ein travel dag med mange aktivitetar og mange gamle kjente å treffe.

Over heile bygda var det treffpunkt og det var mange både innfødde og tilreisande som nytta anledninga til å sjå seg rundt og besøke dei forskjellige treffpunktta rundt omkring i bygda. Ein vellykka dag og masse lovord....

Etter ein fin sommardag med kjempefint ver og mange visittar rundt omkring i bygda, var det tid for å samlast

på Bordholmen for å få litt lett "input" med lokal kultur. Men da var det slutt på velviljen frå vèrgudane.

Etter ein innleiande fase med lyn og torever vart det mykje regn utover kvelden, og dei fikk vist musklane på ein skikkeleg måte.

Men regnet til tross; folk heldt ut og deltok på programmet som planlagt. Seinare på kvelden vart det asfaltdans med Dalagutan.

Til søndag var det meldt tildels store nedbørmengder,

men der bomma www.yr.no, og det vart gjennom søndagen stort sett bra ver og god temperatur.

På søndagens program stod det frokostservering, som vart flytta til Ungdomshuset, jubileumsgudsteneste i Todalen kyrkje og til slutt "Open gard" i Viastua. Der var Gudmund og Wenche Kvendset vertskap, og Todalen Bondelag arrangør.

Det var bra besøk både i kyrkja og i Viastua der 3-400 var innom tunet på besøk.



Lederen



Sosialt behov

Slektsstemnet i sommer var veldig trivelig og vellykket som arrangement.

Spesielt var det trivelig å treffe igjen venner og kjentfolk fra ungdomstida. Denne opplevelsen tror jeg det var mange som hadde, og jeg synes det avdekket et stort behov for sosial kontakt på denne måten. Det er liksom behov for ei slik helg, der alle

prioriterer dette.

Når en tenker på hvor stort apparat det er å arrangere et slikt slektsstemne, så vil det være nødvendig å ha ett eller flere "friår" i mellom.

Vi bør derfor evaluere årets slektsstemne og finne ut hva som er fornuftig å satse på.

Løsningen kan være at en gjør slike storsatsinger hvert 3., 5. eller hvert 10. år. Tida får vise hva som er riktig.

Todalsdagen arrangeres hvert år, og det er kanskje en ide å bruke den litt mer i retning "slektsstemne light"?

Vil i hvert fall rette en stor takk til både gjester og den enkelte komitémedlem for deltakelsen i år. Terje T.

Trollheimsmarsjen

Trollheimsmarsjen som ble arrangert søndag 31. august ble en formiddabel suksess, og arrangørene er kjempefornøyd med deltakelsen. For 209 deltakere er imponerende med tanke på at det er første gang den arrangeres. Turen gikk fra Bordholmen i Todalen til Leikvoll på Ålvundeid, og var et samarbeid mellom I.L. Ulvungen og Todalen I.L. som begge er 100 år i år. Trollheimstunnelen var medarrangør og støttespiller.

Og værgudene spilte på lag med arrangøren, med vindstille og god temperatur på nærmere 20 varmegrader. Turen ble gjennomført uten uhell av noe slag, og deltakerne kosa seg på på turen over fjellet denne fine dagen.

På Ålvundeid fikk deltakerne god mottakelse på Leikvoll, der det var mulighet for å ta en dusj og for å kjøpe middag og forfriskninger.

Planen er at dette skal bli et årlig arrangement fram til Trollheimstunnelen åpnes, og kanskje også etter det.



Marit S. Søyset var historieforteller på Ørsalsetra



Britt Mossing fikk T-skjorte og autopassbrikke som premie.

Rekordarta husbasar



Søndag 28. september vart det sett ein grundig rekord i Ungdomshuset. Fintellinga var ikkje ferdig da JP var der, men rundt 50.000 kroner kom det inn på husbasaren.

Komiteen fekk inn 80 tingar til basaren og det meste var heimlagde tingar av alle slag. Dette er ein grundig rekord, og utgjør ca 148 kroner pr innbygger i Todalen.

For heile kommunen ville liknande tal vorte ca 880.000!

På basaren som starta søndag ettermiddag kl 15, var det salg av ertesuppe og gele med vaniljesaus og det var god gammeldags basarstemning.

Inntekta frå basaren skal vera med og finansiera oppussinga som har pågått tidlegare i år, og det er tydeleg at todalingane tek ansvar for drifta av ungdomshuset. Takk til alle for støtte!!



www.todalenil.net

Vi har hatt mykje besøk på heimesida vår i sommar. Spesielt i samband med slektsstemnet var det mange som "var innom" for å sjå kva som har forgått og det var nok mange som ikkje hadde høve til å koma på slektsstemnet som var med oss på nettet.

Elles har vi også hatt mykje besøk på nettet i samband med Trollheimsmarsjen og etter Lundekvelden.

Følg med vidare, for det blir lagt ut meir stoff etter kvart.

Redaksjonen

Jubileumsposten

Redaksjonen



Redaktør Jon Olav Ørsal tlf 913 38 020

e-post: jon.olav.orsal@svorka.net

Nettredaktør Guro Redalen tlf 452 54 850

e-post: guro_r@hotmail.com

Adresse:

Jubileumsposten, c/o Jon Olav Ørsal, 6645 Todalen

Ansvarleg utgjevar: Todalen Idrottslag

**B ØKONOMI
ÉCONOMIQUE**

Er adressa feil? Gi oss i så fall beskjed!

Har vi sendt Jubileumsposten til feil adresse er det bare å ta kontakt med oss. Enten pr e-post til redaksjonen, eller du kan sende oss et brev eller kort med din rette postadresse.

Distribusjon av Jubileumsposten

Jubileumsposten blir lagt i alle postkasser i Todalen og på Nordvik. I tillegg blir den sendt i posten til alle utflytta todalingar vi har klart å finna adressa til. Veit du om nokon andre som gjerne vil ha Jubileumsposten, så er det berre å ta kontakt så sender vi.

Julerevy på gang

Revygjengen ligg i startgropa med årets julerevy som blir 3. juledag som vanleg dei siste åra.

Det er enno for tidleg å røpe noko om programmet, men det går i alle fall an å reservere kvelden til dette formålet.

Revyane de siste åra, med "Julselskapet" i fjor og "Fjordcruise med Blåfjell" i 2006 trekte smekkkfulle hus med stor stemning.

Sett av 3. juledagskveld til årets julerevy. Vi kjem att med meir informasjon i neste Jubileumspost.

Ny CD med Halsedik



Nye postkort og CD frå Halsamlinga er i salg på ICA.

Halsesamlinga har laga ny CD, med viser av Leif Halse. Mykje av stoffet er henta frå diktsamlinga "På bygdabakkom" av Leif Halse, der Alf Ramsøy les dikta.

CD'n inneheld også song av Todalskoret og Tone S. Døving. Prisen er kr 150 og den er i salg hos ICA Todalen eller kan bestillast pr e-post til nils-ove.bruset@svorka.net

To nye postkort med motiv frå Todalen er også kome. Eit dobbelt og eit enkelt kort.

Jubileumsboka er i trykken.....

Endeleg er jubileumsboka i trykken! Forfattarkollegiet for jubileumsboka har vore Svein Talgø, Borghild Talgø og Britt Mossing. Dei har lagt ned ein stor innsats for å samle inn stoff til boka og ikkje minst å få inn bilde. Boka er på heile 128 sider, og den er rikt illustrert med bilde frå heile 100-årsepoken. Når det gjeld stoffet så har det vore vanskeleg å

finne stoff frå enkelte periodar, da det har mangla nokre protokollar. Dersom det er nokon som har gamle protokollar så er det fint om desse kan leverast til styret, slik at dei kan takast vare på. Boka vil få sin premiere på den store jubileumsfesta som skal bli den 25. oktober. Her er det berre å begynne å gle seg med ein gong! Vi tippar at dette blir årets julegåve i Todalen.



Våre sponsorer:

Generalsponsorer:



Hovedsponsor:



Samarbeidspartnere:



En takk til våre generalsponsorer, hovedsponsor og samarbeidspartnere for god støtte. Deres økonomiske bidrag har vært med å gjøre jubileumssatsinga mulig.